

Til Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport, og Hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylke. 8.11.2020.

Kommentar til: Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport, ved rørende hans svar på spørsmål frå Arve Helle Arbeiderpartiet, Rutetilbodet til og frå Austevoll «saksfremlegg/hoveddok. SI 61/2020.»

Svaret hans tar ikkje omsyn til faktiske data, og at Austevoll er Norges mest folkerike kommune som ikkje er landfast. Han tar ikkje inn over seg at sambandet Hufthamar – Krokeide er det største fylkesvegferjesambadet i Vestland, målt i PBE. Han tar heller ikkje omsyn til den uavhengige Helge Hopen rapporten eller til behova til næringslivet i Austevoll og innbyggjarane i Austevoll.

Svaret frå, Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport, viser at ein ikkje tar Austevoll, og fakta om ferjestatistikk og andre forhold på alvor. Ein kan ikkje nok ein gong skylda på historiske data, ein må ta inn over seg at **Hufthamar – Krokeide er det største fylkesvegferjesambandet i Vestland, og at Austevoll samstundes er den mest folkerike kommunen i landet som ikkje er landfast.** Me kan ikkje lengre akseptera slike svar og bortforklaringar av faktiske data. Minner om 400% pris forskjell på hurtigbåt, som det etter 13 år!, heller ikkje er gjort noko med. Det er 5 år sidan Helge Hopen rapporten kom.

Når ein har den største trafikken, og i tillegg ikkje er landfast, det finnes ingen omkøyning smogelegheitar, må ein kunna forventa at ein og får det beste rutetilbodet. Næringslivet og innbyggjarane i Austevoll treng eit betre tilbod for og utvikla seg vidare. Næringslivet i Austevoll driv på trass av og ikkje på grunn av ferjetilbodet.

«Det me ber om er eit likeverdig ferjetilbod som eit anna og landfast samband i fylket har, med berre om lag halvparten at trafikken til sambandet Hufthamar-Krokeide. Austevoll er ikkje landfast og har ikkje alternative køy reruter, slik dette landfaste sambandet har.»

Sidan 2017 har Austevoll laksepakkeri, villa bygga ut for kr. 500 000 000.-, Dette vil resultere i auke i produksjon av laks frå kr. 1 750 000 000.- i verdi i dag, til det tredoble etter utbygging. Auke i talet på tilsette frå 150 til mellom 250 – 300. Austevoll laksepakkeri må ha ei ferje som går 01:00 for å komme i gang med to skift. **Når utbygging er ferdig vil berre Austevoll laksepakkeri stå for ei auke av PBE med om lag 60 000 PBE pr år.**

Desse kommunane rundt oss, er over tid blitt landfast: Stord, Fitjar, Bømlo, Tysnes, Øygarden, Sund, Sotra, Askøy og heile Nord Hordaland. Hardanger har også fått si bru. Austevoll har også, heilt andre transport utgifter enn dei nemnde kommunane over. Det er kun Fedje og Austevoll igjen som ikkje er landfast i det som var Hordaland.

For 5 år sidan tinga Austevoll kommune, Helge Hopen rapporten, som allereie i 2015, viste blant anna dette:

• Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarande trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køy reruter. Det har ikkje Austevoll.

• Austevoll har hatt ein vekst på 10% i folketalet dei siste 5 åra, og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30% dei neste 15-20 åra.

• Austevoll har eit næringsliv som har høgast verdiskaping pr. sysselsett i Hordaland og som ligg 62% høgare enn landsgjennomsnittet. Innpendlinga til kommunen har auka med gjennomsnittleg 11% kvart år sidan år 2000.

• Medan trafikkveksten på vegnettet i Hordaland har auka med ca. 7 % dei siste 6 åra, har trafikkauken på sambanda til Austevoll auka med 19% (Krokeide-Hufthamar) og 27% (Husavik-Sandvikvåg).

• Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tydar på at veksten vil halde fram i åra som kjem.

Etter at rapporten vart lagt fram i 2015, har trafikk mengda auka mest på Hufthamar - Krokeide. Frå 2017 til 2018 var den på 8,91 %.

To eksempel, samanlikna med Hufthamar - Krokeide :

Eit samband som har omlag halvparten av trafikken og er landfast på begge sider. Har 1 time og 50 minutt lengre opningstid og 2 ferjer i drift heile året.

Eit anna samband, med mykje betre rutetilbod og mykje lengre opningstid går med 3500 tomme ferjer i året, Hufthamar – Krokeide har 19 tomme i året. (2018 tall) Sambandet har også 4 rundturar mellom 00:00 og 06:00 om natta. Dei har og omkøyringsmuligheter over Hardangerbrua. Dette sambandet er vel og styrt av historiske data, slik Håkon Rasmussen skriv i svaret, er desse historiske data henta frå før Hardangerbrua vart bygd?

Skyss og Vestland fylke har ansvaret for drift av ferjer, dei må syta for at ruteproduksjon står i forhold til trafikkmengd og om eit samband er landfast eller ikkje. Austevoll som er Norges mest folkerike kommune utan fastlandsforbindelse, stengjer i dag 22:35 ut av kommunen.

Når det gjeld prisar på hurtigbåt varierer denne med 400%, for same segla distanse. I frå Austevoll har det vore jobba i 13 år, mot denne forskjellsbehandlinga.

Skyss og Vestland fylkeskommune har ansvaret for at innbyggjarane i Vestland får eit likeverdig rutetilbod, der ein tek omsyn til trafikkmengd, slik denne er pr. dags dato og ikkje etter historiske data. Ein må og ta omsyn til om eit samband er landfast eller ikkje. Basert på dette er det ein sjølvstakt sak at Hufthamar – Krokeide får det beste rutetilbodet. Austevoll er saman med Fedje dei einaste kommunane i «Hordaland» som ikkje er landfast.

Eg er glad for at stadig fleire skjønar at sambanda i Austevoll ikkje får det rutetilbodet ein har krav på etter trafikkmengd, på tide at også Skyss og Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport, tar dette inn over seg.

For Senterpartiet i Austevoll

Med vennleg helsing:

Tore Hufthammer

Hufthamar 60

5392 Storebø

94132750

tore@hufthamar.no

www.hufthamar.no